



**SANDØY
KULTURSKULE**



**PÅMELDINGSSKJEMA
FOR
SKULEÅRET
2009/2010**

Søknadsfrist: 20. juni

Kjære brukarar—nye og ”gamle”!

Sandøy Kulturskule vart stifta i 1978. Målet er å gje tilbod innan ulike kulturformer til alle innbyggjarar i kommunen. Alle, uansett alder, er velkomne til å søkje blant våre tilbod.

NYTT I ÅR:

Som dei fleste kjenner til så flyttar grunnskulen, biblioteket og kulturskulen inn i Sandøyhagen til hausten etter halvanna år med midlertidig tilvære. Nye/ oppussa, flotte lokale, samt heilt nye løysingar gjev oss nye og kanskje uoppdaga mulegheiter. Vi har no 4 spesialbygde undervisningsrom samt ny konsertsal i tillegg til det som før heitte ”Samfunnshuset”.

Vi gler oss til å ta i bruk Sandøyhagen og håpar du vil ta del i dette saman med oss!

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR:

Betalingssatsar:

- Heilårsavgift kr. 1950,- pr. tilbod.
- Søskenmoderasjon 20% (sats kr. 1560,-). Første søsken betalar full avgift, andre søsken får moderasjon.
- Betalinga vert innkravd etterskuddsvis for kvart semester.

Nye betalinssatsar vart vedtekne i kommunestyret i desember 2008 med verknad frå 01.01.2009

Påmeldinga er bindande for eit semester. Utmelding skal skje skriftleg. Utmeldingsfristar er 1. desember for påfølgjande vårsemester og 1. mai for påfølgjande haustsemester. Dersom desse fristane ikkje vert overhaldne må vi kreve kontingent for semesteret. Dette gjeld også dersom ein elev sluttar midt i eit semester.

I løpet av sommaren vil du få beskjed om du har fått plass, og evt. på kva instrument.

RETTLEIING TIL SKJEMA:

Vi nyttar no SMS som meldingssystem når vi må gje beskjedar på kort varsel. Det er difor særskilt viktig at vi har korrekte mobilnummer til den som skal motta melding. Som hovudregel bør det vere føresette sin mobil for elevar i barneskulelder. Frå ungdomssteget blir det opp til kvar familie å avgjere. **NYTT: Vi kan no legge inn fleire nummer på ein elev! Gjer vel å oppgje fleire nummer dersom søkjar har meir enn ein bustad.**

Gjer vel å fylle ut særskilte opplysningar i feltet ”andre opplysningar” dersom søkjaren har spesielle ting vi må ta omsyn til, t.d. sjukdom, medisinering eller lese-/skrivevanskar. Vi har teieplikt og alle opplysningar blir handsama konfidensielt.

Personalet skuleåret 2009/ 2010:

Frank Harneshaug: Treblås, trommer

Robert Coates: Piano, sang

Helen Harneshaug: Messing, direksjon

Jacek Widawski: Gitar

Kolbjørn Venaas: Trommer og klokkespel

Nils Magne Abelseth: Korpsdirigent

Berit Heggdal: Kontormedarbeidar

OPPLYSNINGAR OM DEI ULIKE

TILBODA:

BLÅSEINSTRUMENT

Tid - Individuell undervisning - 25 minutt pr. veke.

Sjå motsatt side for dei ulike tilboda vi har på blåseinstrument. Ver merksam på oppgjeven alder for dei ulike instrumenta. I somme høve kan det vere praktisk/naturleg å slå saman elevar i små grupper (2-4 elevar) undervisningstida blir då 50 minutt pr. veke. Korpsmedlemmar blir sette saman i grupper. Dersom nokon av desse har lyst til å ha individuell time i tillegg, går det an å søkje om det. Vedkommande blir då både medlem i korpset og elev ved Kulturskulen, og må betale for begge tilboda.

NB! Miniklarinett blir fasa ut då instrumentet er gått ut av produksjon. Søk på vanleg klarinett i staden.

GITAR

Tid—som for blåseinstrument

Vi oppmodar særskilt om å søkje el-bass, då vi treng elevar på dette instrumentet for å kunne sette saman grupper til band. Det blir gjeve individuell opplæring men band kan vere aktuelt i samspelveker og liknande. Jacek underviser 3 veker i månaden. Prisen for tilbodet er difor kr. 1350,- pr. elevplass.

PIANO

Tid—som for blåseinstrument.

Pianoundervisning kan du få heilt fra du går i første klasse, men om du ikkje har lært deg å lese enda, kan det vere lurt å vente til du byrjar i 2. klasse.

SANG

Tid—som for blåseinstrument.

Her får du lære å bruke stemma di, samt utvikle den vidare på lik line med andre instrument. Undervisninga blir i stor grad lagt opp etter kva du sjølv ynskjer å synge.

ANDRE OPPLYSNINGAR:

Vi vonar at flest muleg vil melde seg på.

Bruk påmeldingsskjemaet på motsatt side, og fyll det ut så nøyaktig som muleg. **Alle elevar må sende inn søknadsskjema slik at vi får oppdatert databasen vår spesielt m.o.t. mobilnummer.**

Dersom nokon treng fleire skjema, finn du det på kommunen sine nettsider: www.sandoy.kommune.no eller ved å kontakte sørvistorget på kommunehuset.

Med helsing

Frank Harneshaug, leiar for kulturelle tenester

TILBODA VED SANDØY KULTURSKULE

For skuleåret 2009/2010 kan vi tilby følgjande:

1.	Minikornett	1. klasse
2.	Minitrombone	2. klasse
3.	Piano	1./2. Klasse
4.	Klarinett	2. klasse
5.	Sang	3. klasse
6.	Tverrfløyte	3. klasse
7.	Kornett	3. klasse
8.	Althorn	3. klasse
9.	Gitar/bass	3. klasse
10.	Saxofon	4. klasse
11.	Baryton	4. klasse
12.	Trombone	5. klasse
13.	Tuba	6. Klasse

Ta omsyn til alder når du søker!

Dersom du er for ung til å byrje på det tilbodet du ynskjer, kan det vere lurt å velje eit anna i mellomtida. Ynskjer du t.d. å spele baryton, men er for ung, kan du byrje på kornett og gå over til baryton når du blir gammal nok.

"Aldersgrensene" er ei anbefaling frå vår side som vi kan avvike frå dersom det er hensiktsmessig.

SØKNADSRIST: 20. JUNI

SØKNADEN SENDAST TIL:

**SANDØY KOMMUNE
Sørvistorget
6487 HARØY
Tlf. 712 77 500**

SØKNADSSKJEMA TIL ELEVOPPTAK VED SANDØY KULTURSKULE SKULEÅRET 2009/2010

Namn på søkjar: _____

Føresette: _____

Adresse: _____

Fødselsdato:

Klassetrinn 09/10:
(Kun for søkjarar i skulealder.)

Tlf. privat:

Tlf. arbeid: Gjeld føresett: _____

Mobil 1 Eigar: _____

Mobil 2 Eigar: _____

Kva mobilnr. skal motta SMS? Mobil1 Mobil2 Sett kryss for eit eller begge alternativa

Har søkar syskjen i Kulturskulen? Ja Nei

Dersom ja—kven? _____

Eg er elev ved Sandøy Kulturskule og ynskjer å:

Behalde plassen: Melde meg ut:

(Har du tilleggsopplysningar, bruk feltet "Andre opplysningar" nedanfor)

Eg ynskjer å melde meg på følgjande tilbod:

1) _____
og / eller (Stryk det som ikkje passar)

2) _____

Andre opplysningar:

Dato: _____

Underskrift: _____
(Underskrift frå føresett, dersom søkjar er under 18 år)